

## **Booking**

Alle opne guida turar og billetter, bortsett frå private turar eller arrangement, kan bookast direkte via heimesida vår. Bookinga er bindande og vi tilrår å kjøpe alle billetter online.

## **Online booking**

Ver merksam på at bookingselskapet Bilberry tek ei ekstra avgift (gebyr) for bookingtenestene sine basert på ein viss prosentdel av det totale beløpet for turen ("gjesteavgift").

## **Private turar og arrangement**

Førespurnad/bestilling av private turar og arrangement kan gjerast via e-post til: [post@bre.museum.no](mailto:post@bre.museum.no). Spørsmål om private turar og arrangement vil bli svart på så fort råd er.

## **Kansellering**

Kansellering per e-post innan 48 timar før gjennomføring er gratis. Frå 48 til 24 timar før gjennomføring tek vi gebyr på 50% av kjøpssummen. Ombooking er mogleg fram til 48 timar før gjennomføring

Kunden vil få att full refusjon i tilfelle avlysing frå arrangøren på grunn av vêrtilhøve eller andre uføresette tilhøve. Kontakt oss på telefon eller e-post for å avbestille eller forhøyre deg om avbestilling. Ved "no-show" belastast heile prisen.

Alle tidsfristar for bestilte turar og arrangement gjeld og i tilfelle sjukdom/ulukker og er identiske med vilkåra for avmelding/kansellering av turar og arrangement. Vi tilrår sterkt å ha eiga reiseforsikring i orden.

Norsk Bremuseum reserverer seg retten til å avlyse guida turar og arrangement grunna vanskelege vêrtilhøve eller andre uføresette tilhøve. Heile den innbetalte summen vil då bli refundert.

***Kontakt oss per [post@bre.museum.no](mailto:post@bre.museum.no) eller telefon +47 57 69 32 88 om ev. avmelding/kansellering.***

## **Aldersgrense**

Minimum aldersgrense på våre guida turar og arrangement må bli fullt og heilt respektert.

## **Frammøte/tid**

Dersom kunden ikkje møter til avtalt annonsert tid i programmet eller på rett angitt frammøteplass, har vedkommande ikkje rett på erstatning for innbetalt avgift.

## **Sikkerheitsvilkår**

Norsk Bremuseum gjennomfører dei guida turane og arrangementa sine på ein trygg og forsvarleg måte med vel kvalifiserte og røynde guidar, og med det utstyret turane krev. Likevel, fjellsport – som fjellturar, brevandring og isklatring – inneber ein viss risiko for uhell og skader.

Ved betaling godtek deltakarane ei ansvarserklæring. Deltakaren vert på den måten merksam på og aksepterer at turen/aktiviteten inneber ein viss risiko.

Dersom deltakaren ikkje møter opp eller avbryt turen blir ikkje turavgifta refundert.

Våre guidar har rett til å utelukke/bortvise ein deltakar frå bestilt tur dersom vedkommande ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava som turen stiller og det utan at det kan krevjast økonomisk kompensasjon.

Ved tap av utlevert utstyr må deltakaren sjølv erstatte dette. Pris eks: Isøks kr. 600.- Underteikna er kjend med vilkåra for å delta på denne turen/aktiviteten, deltek på eige ansvar og fråskriv seg alle krav om erstatning retta mot Norsk Bremuseum og/eller mot guiden på den aktuelle turen/aktiviteten i tilfelle uhell eller skader (person eller materielle skader).

### **Endringar**

Så langt som mogeleg vil Norsk Bremuseum etterstreve å gjennomføre dei spesifikke, bestilte turane i samsvar med oppsett program. Likevel, dersom det blir tvingande naudsynt reserverer Norsk Bremuseum seg likevel retten til å gjere endringar i turprogrammet. Slike endringar vil ikkje ha konsekvensar for den avtalte prisen.

### **Deltakarens ansvar**

Deltakaren må sjølv vurdere om han/ho fyller dei krava som turprogrammet stiller. Deltakaren pliktar vidare å ha med seg det utstyret som er nemnt i det tilsende programmet og å rette seg etter tilvisingar gjeve av guiden. Om dette ikkje skjer kan deltakaren utelukkast frå arrangementet utan at det kan krevjast kompensasjon. Å delta på turane skjer på eige ansvar. Det vil seie at Norsk Bremuseum ikkje står ansvarleg for skader/uhell som måtte oppstå for deltakaren i tilknytning til arrangementa våre.

### **Force Majeure**

Ved hendingar utanfor Norsk Bremuseum sitt herredømme som t.d. brann, naturkatastrofe o.l. har Norsk Bremuseum rett til å heve avtalen utan erstatningsplikt.

Norsk Bremuseum tilrår å teikne ei reiseforsikring som dekkar kostnadene dersom du må avlyse turen/kurset på grunn av skade/sjukdom.